



Innst. S. nr. 90

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 17 (2008–2009), kap. 1070, kap. 4062 og sak 2

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Fiskeri- og kystdepartementet

Til Stortinget

1. SAMANDRAG

1.1 Kap. 1070 Loran-C

Post 1 Driftsutgifter

Som følgje av auka kostnader knytt til flytransport, auka oljeprisar til drift av straumaggregat og nødvendige oppgraderingar av Loran-C, vert samla kostnader til drift av samfunnet Jan Mayen og Loran-C rekna til å verta omlag 2 mill. kroner høgare enn løyvinga. Det vert det fremma forslag om at kap. 1070 post 1 Driftsutgifter skal aukast med 2 mill. kroner i 2008.

1.2 Kap. 4062 Kystverket

Post 1 Gebyrinntekter

Som følgje av lønskompensasjonen for 2008 vert det fremma forslag om at løyvinga på kap. 4062 post 1 skal aukast med 17,8 mill. kroner i 2008.

1.3 Handtering av vraka "Murmansk" og "Welheim"

Det vert orientert om at Kystverkets ekstraordinære kostnader til vurdering av korleis vraket etter "Murmansk" skal handterast, er rekna til 2,5 mill. kroner.

I samband med Revidert budsjett 2008 vart det løyvd til saman 49 mill. kroner på kap. 1062 post 21 for å dekkje resterande kostnader på 24 mill. kroner knytt til tømninga av "Nordvard" og for å dekkje

venta kostnader til tømninga av olje frå vraket "Welheim" på 25 mill. kroner. Etter ein tilbodsrunde har det vore nødvendig å auke overslaget over kostnader til tømninga av "Welheim" med 7,5 mill. kroner, til 32,5 mill. kroner. For å dekkje dei venta meirkostnadene på 7,5 mill. kroner er det gjort følgjande omdisponeringar innanfor løyvinga på kap. 1062 post 21:

- 3,5 mill. kroner i unytta midlar frå Server-aksjonen som er omdisponert til tømninga av "Welheim".
- Kostnadene knytt til tømninga av "Nordvard" vart 2 mill. kroner lågare enn rekna, og desse unytta midlane er omdisponerte til tømninga av "Welheim".

Resterande meirkostnader på 2 mill. kroner er dekte inn ved at Finansdepartementet innanfor sine fullmakter har gitt samtykke til å overskride kap. 1062 post 21 med inntil 2 mill. kroner i 2008.

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Karita Bekkemellem, Eirin Falset, Irene Johansen, Torstein Rudihaugen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, frå Framstegspartiet, Bård Hoksrud, leiaren Per Sandberg og Arne Sortevik, frå Høgre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, frå Kristeleg Folkeparti, Jan Sahl, frå Senterpartiet, Jenny Klinge, og frå Venstre, Borghild Tenden, viser til dei sakene som er tekne opp i proposisjonen.

Komiteen har elles ingen merknader og støttar Regjeringa sine forslag.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
1070		Loran-C	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 29 450 000 til kr 31 450 000	<u>2 000 000</u>
Inntekter			
4062		Kystverket	
	1	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 629 763 000 til kr 647 563 000	<u>17 800 000</u>

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 4. desember 2008

Per Sandberg
leiar

Jan Sahl
ordførar